



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 25.11.2015

Sak nr.: 15/8192-5

Internt l.nr.: 51538/15

Sak: 125/15

Tittel: **Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar**

Behandling:

Frå hovudutvalet for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget viser til vedtak i sak 49/14 der kommunane Gaular og Fjaler har fått høve til å forskottere planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet innanfor ei ramme på 2 mill. kr.
2. Fylkestinget imøtekjem ikkje søknaden frå Gaular og Fjaler om å forskottere ytterlegare 1,5 mill. kr. Ev. kostnader ut over nemnde forskotteringsramme må dekkast av kommunane sjølve.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:
Saka vert utsett. Fylkesrådmannen får i oppgåve å fremje ei sak der vilkåra for ei eventuell forskottering vert klarlagde.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Saka vert utsett. Fylkesrådmannen får i oppgåve å fremje ei sak der vilkåra for ei eventuell forskottering vert klarlagde.